

Informasjon om nasjonale prøver

2014

Til foreldre med barn på 5., 8. og 9. trinn





Bokmål

Hvorfor nasjonale prøver?

Nasjonale prøver gir informasjon om hvordan elevene mestrer grunnleggende ferdigheter i lesing og regning og i deler av faget engelsk.

De grunnleggende ferdighetene er:

- *Digitale ferdigheter*
- *Muntlige ferdigheter*
- *Å kunne lese*
- *Å kunne regne*
- *Å kunne skrive*

Disse ferdighetene er viktige for læring og utvikling i alle fag, og de har stor betydning for hvordan elevene klarer seg på skolen og senere i livet.

Prøvene i lesing og regning er ikke prøver i fagene norsk og matematikk, men i lesing og regning som grunnleggende ferdigheter på tvers av fag. Prøvene i engelsk fokuserer på leseforståelse, ordforråd og grammatikk.

Skolen skal se prøveresultatene i sammenheng med annen informasjon om elevene, og resultatene skal brukes i arbeidet med grunnleggende ferdigheter og undervisvurdering. Undervisvurdering har til formål å fremme læring og gi grunnlag for tilpasset opplæring.

Hvem skal gjennomføre hvilke prøver?

Nasjonale prøver gjennomføres på 5., 8. og 9. trinn. Hovedregelen er at alle elever skal delta. Elever på 5. og 8. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, regning og engelsk.

Elever på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og regning. Disse prøvene er de samme som for 8. trinn.

Elever på 5., 8. og 9. trinn med nord-, sør- og lulesamisk som førstespråk skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing på samisk. Disse elevene skal også gjennomføre nasjonale prøver i regning på samisk.

For elever som får spesialundervisning eller særskilt norskopplæring kan skolen fatte vedtak om fritak fra nasjonale prøver. Disse elevene skal ikke automatisk få fritak. Det må være klart at prøveresultatet ikke vil ha mye å si for elevenes videre opplæring.

Selv om en elev har rett til fritak, kan eleven selv eller foreldre likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøven.

Hva slags oppgaver skal elevene løse?

Prøvene består av ulike tekster, bilder og oppgaver med spørsmål. Elevene svarer ved hjelp av åpne oppgaver og flervalgsoppgaver. På åpne oppgaver skal elevene svare med egne ord eller med tall, mens flervalgsoppgaver betyr at eleven skal velge ett av flere svaralternativer.

Prøvene er satt sammen av lette, middels og vanskelige oppgaver for å gi informasjon om elever på alle ferdighetsnivåer.

På www.udir.no ligger det eksempler på oppgaver som brukes i de nasjonale prøvene. Her finnes også tidligere elektroniske nasjonale prøver i engelsk og regning.

Hvem får tilgang til resultatene?

Eleven og foreldre skal få tilbakemelding fra læreren om resultatene fra prøvene når resultatene er klare. På den enkelte skolen skal resultatene først og fremst brukes til å tilpasse opplæringen. Det er utarbeidet veiledningsmateriell til lærere som beskriver hvordan de kan følge opp resultatene.

Det er bare lærerne og skolen som har tilgang til resultater på elevnivå. Skolen og lærerne har taushetsplikt om den enkelte elevs resultater på prøvene.

Nytt i 2014

Fra og med i år kan resultatene fra nasjonale prøver i regning og engelsk brukes til å måle utvikling over tid. Det vil si at skolen og kommunen på sikt vil se om elevenes resultater blir bedre. For å bedre mulighetene for oppfølging blir resultatene presentert på en ny skala i Skoleporten. Her publiseres resultatene til skolen, kommunen, fylket og hele landet. Elevene vil få tilbakemeldinger ut fra mestringsnivåene slik som før.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med din skole eller gå inn på våre nettsider:

www.udir.no/nasjonaleprover

Når gjennomføres prøvene?

Dato	8. trinn	Prøvetype
Ons. 17. sept.	Lesing 8. og 9. trinn	Papirprøver
Ons. 17. sept.	Lesing samisk 8. og 9. trinn	Papirprøver
15. sept. – 10. okt.	Regning 8. og 9. trinn	Elektroniske prøver
15. sept. – 10. okt.	Engelsk 8. trinn	Elektroniske prøver
Dato	5. trinn	Prøvetype
Ons. 15. okt.	Lesing 5. trinn	Papirprøver
Ons. 15. okt.	Lesing samisk 5. trinn	Papirprøver
13. – 25. okt.	Regning 5. trinn	Elektroniske prøver
13. - 25. okt.	Engelsk 5. trinn	Elektroniske prøver

Prøvetiden for lesing og regning er 90 minutter, mens prøvetiden for engelsk er 60 minutter.



Kvifor nasjonale prøver?

Nasjonale prøver gir informasjon om korleis elevane meistrar grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning og i delar av faget engelsk.

Dei grunnleggjande ferdigheitene er:

- *Digitale ferdigheiter*
- *Munnlege ferdigheiter*
- *Å kunne lese*
- *Å kunne rekne*
- *Å kunne skrive*

Desse ferdigheitene er viktige for læring og utvikling i alle fag, og dei har mykje å seie for korleis elevane klarer seg på skolen og seinare i livet.

Prøvene i lesing og rekning er ikkje prøver i faga norsk og matematikk, men i lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheiter på tvers av fag. Prøvene i engelsk fokuserer på leseforståing, ordforråd og grammatikk.

Skolen skal sjå prøveresultata i samanheng med annan informasjon om elevane, og resultatata skal brukast i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter og undervegsvurdering. Undervegsvurdering har til formål å fremje læring og gi grunnlag for tilpassa opplæring.

Kven skal gjennomføre kva for prøver?

Nasjonale prøver skal gjennomførast på 5., 8. og 9. trinn. Hovudregelen er at alle elevane skal delta. Elevar på 5. og 8. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk.

Elevar på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og rekning. Desse prøvene er dei same som for 8. trinn.

Elevar på 5., 8. og 9. trinn med nord-, sør- og lulesamisk som førstespråk skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing på samisk. Desse elevane skal òg gjennomføre nasjonale prøver i rekning på samisk.

For elevar som får spesialundervisning eller særskild norskopplæring, kan skolen gjere vedtak om fritak frå nasjonale prøver. Desse elevane skal ikkje automatisk få fritak. Det må vere klart at prøveresultatet ikkje vil ha mykje å seie for elevane si vidare opplæring.

Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller foreldra likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøva.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Prøvene består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. Elevane svarer ved hjelp av opne oppgåver og fleirvalsoppgåver. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens fleirvalsoppgåver inneber at eleven skal velje eitt av fleire svaralternativ.

Prøvene er sette saman av lette, middels og vanskelege oppgåver for å gi informasjon om elevar på alle ferdigheitsnivåa.

På www.udir.no ligg det døme på oppgåver som blir brukte i dei nasjonale prøvene. Her er det òg tidlegare elektroniske nasjonale prøver i engelsk og rekning.

Kven får tilgang til resultatata?

Eleven og foreldra skal få tilbakemelding frå læraren om resultatata frå prøvene når resultatata er klare. På den enkelte skolen skal resultatata først og fremst brukast til å tilpasse opplæringa. Det er utarbeidd rettleingsmaterieill til lærarar som beskriv korleis dei kan følgje opp resultatata.

Det er berre lærarane og skolen som har tilgang til resultatata på elevnivå. Skolen og lærarane har teieplikt om resultatata til den enkelte eleven på prøvene.

Nytt i 2014

Frå og med i år kan resultatata frå nasjonale prøver i rekning og engelsk brukast til å måle utvikling over tid. Det vil seie at skolen og kommunen på sikt vil sjå om resultatata til elevane blir betre. For å betre moglegheitene for oppfølging blir resultatata viste på ein ny skala i Skoleporten. Her bli resultatata til skolen, kommunen, fylket og heile landet publiserte. Elevane vil få tilbakemeldingar ut frå meistringsnivå slik som før.

Har du spørsmål?


Ta kontakt med skolen din eller gå inn på våre nettsider:

www.udir.no/nasjonaleprover

Når skal prøvene gjennomførast?

Dato	8. trinn	Prøvetype
Ons. 17. sept.	Lesing 8. og 9. trinn	Papirprøver
Ons. 17. sept.	Lesing samisk 8. og 9. trinn	Papirprøver
15. sept. – 10. okt.	Rekning 8. og 9. trinn	Elektroniske prøver
15. sept.– 10. okt.	Engelsk 8. trinn	Elektroniske prøver
Dato	5. trinn	Prøvetype
Ons. 15. okt.	Lesing 5. trinn	Papirprøver
Ons. 15. okt.	Lesing samisk 5. trinn	Papirprøver
13. – 25. okt.	Rekning 5. trinn	Elektroniske prøver
13. - 25. okt.	Engelsk 5. trinn	Elektroniske prøver

Prøvetida for lesing og rekning er 90 minutt, mens prøvetida for engelsk er 60 minutt.



Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no